

Riksantikvaren
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLODato: 12.01.2018
Vår ref.: 2017/17981-2
Saksbehandlar: torslin
Dykkar ref.:

Att. Eva Walderhaug

Søknad om tilskot under Statsbudsjettet kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)

Hordaland fylkeskommune viser til Dykkar orientering i e-post datert 22.12.2017, om søknadsprosedyrar og midlar til skjøtsel/tilrettelegging av bergkunst knytt til Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG).

Hordaland fylkeskommune søker om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG), til følgjande tiltak:

Prosjektnamn	ID	Tiltak	Kostnad	Eigeninnsats	Søknadssum	% eigeninnsats
Varmhola, Fusa	25867-1	Skilt, skjøtsel	63.550,-	29.550,-	34.000,-	46,5%
Vangdal, Kvam	97522	Skilt, skjøtsel	57.800,-	31.800,-	26.000,-	55%
Mostraumen, Modalen	91322-1	Skilt	59.150,-	25.150,-	34.000,-	42,5%
Halhjem, Os	60557	Skilt, skjøtsel	61.200,-	35.200,-	26.000,-	57,5%
SUM			241.700,-	121.700,-	120.000,-	

I samband med vårt jamlege arbeid med bergkunstlokalitetane i Hordaland saman med Universitetsmuseet i Bergen, ser vi at mykje ferdsle ved fleire lokalitetar fører til auka trong for informasjon og tilrettelegging. Alle dei omsøkte prosjekta er difor knytt til skilting. Dette gjeld oppsetting av nye skilt der det ikkje er tilstrekkeleg informasjon til publikum. Her vil det også vere viktig å nytte skilta til betre å kunne styre ferdsla og førebyggje hærverk. I tillegg finn vi det naudsynt å oppgradere tidlegare forfallen tilrettelegging ved å erstatte gamle og slitte skilt.

I alle prosjekta vil Fylkeskonservatoren arbeide for å etablere avtalar med lokale for å sikre godt tilsyn for lokalitetane, anten gjennom kommune, skule, lokale bygdelag eller grunneigar.

Vår medfinansiering av prosjekta vil bestå av eigeninnsats i felt, utarbeiding av tekst, kvalitetskontroll av innhald på informasjonsskilt, skjøtsel, rettleiing, med meir. I tillegg til dei omsøkte tiltaka vil Fylkeskonservatoren arbeide med ferdigstilling av tidlegare påbegynte prosjekt.

Sjå vedlegg for prosjektskildring og budsjett. Utfylte EXCEL-skjema som skal følgje med søknaden er sendt per e-post.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Vedlegg til BERG søknad 2018